

Bokn Bygdablad

Nr. 2 mars 2014 – Årg. 29



Ny seksjonssjef – s. 3



Universell utforming – s. 10



God byggeaktivitet – s. 12



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



Kjære sambygding!

Den nye fylkesmannen

Fylkesmennene i Rogaland går for det meste i skjørt. Det gjorde Kristin Lønningdal som var fylkesmann frå 1981 til 1991 og det gjorde også Tora Aasland som fylgde etter i 1991. Slik er det også med tidlegare statsråd Magnhild Meltveit Kleppa som tok over dette embetet den 1. november i fjor. Slik har altså fylkesmannen i Rogaland i samfulle 33 år vore kvinne!

Det høyrer til at så snart som råd etter at fylkesmannen har teke over vervet, skal ho ut på "signingsferd". Nett i desse dagar er det slikt Magnhild driv med, i løpet av året er opplegget at ho skal ha vore innom alle rogalandskommunar. Den 6. mars kom turen til Bokn!

Med i fylgje fylgde alle avdelingssjefane, åtte i talet. Her var sjefen for plan- og bygg, samfunnstryggleik- og beredskap, barnehage- og opplæring, miljø- og klima og for landbruk- og mat, bare for å nemna nokre.

Fylkesmannen er, som me veit, Statens forlenga arm i fylket. For Bokn kommune var det sjølvstekt viktig å nytta dette høve til å gjera både nykomlingen og sjefane hennar kjende med kva framifrå lokalt fellesskap me har her på holmane og kva utfordringar me kan ha eit samarbeid om for å løysa. Dessutan er det jo slik at Staten har dynga ei røys med lovpålagde oppgåver over oss. Då var dette eit framifrå høve til å drøfta med Statens representantar koss desse best kunne løysast.

Det er ikkje til å koma frå at det stundom kan virka som det er mange motsetnader mellom fylkesmannen og det lokale folkestyret. Det er eigentleg ikkje så rart. Fylkesmannen har jo ansvaret for meir overordna og nasjonale mål som fort kjem i konflikt med kva me prioriterar reint lokalt. Slikt skal fylkesmannen ha tilsyn med og har også fått til disposisjon ganske sterke virkemiddel til å setja grenser for



Den nye «Fylkeskånå», Magnhild Meltveit Kleppa, er på rundreise i Rogaland. Her blir ho tatt godt i mot på Boknatun av ordførar Kyrre Lindanger.

Foto: Jardar Havikbotn

handlefridommen til kommunane. Difor var det for begge partar godt og fruktbart at den nye fylkesmannen med sine folk kunne møta oss i Bokn. Ikkje minst var det viktig at dei på møtet presenterte statlege føringar og signal frå den nye regjeringa. På si side fekk dei lytta til kva saker som var aktuelle i Bokn.

Ikkje minst viktig var det å få vita at endringane i motsegnsinstituttet nå er overført frå Miljøverndepartementet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I styringssignala frå den nye regjeringa går det også fram at flest mogleg saker blir løyste så tidleg som mogleg i planprosessen og på lokalt nivå, og bare i saker som utfordrar viktige nasjonale eller regionale interesser eller andre interesser av stor samfunnsnyttig verdi.

Eg ynskjer Magnhild M. Kleppa lukke til med arbeidet som fylkesmann i Rogaland.

Regionalplan for areal- og transport på Haugalandet

I mars ga Bokn kommune høyringsuttale til den nye regionalplanen for areal og transport på Haugalandet. Planen skal leggja rammer for den langsiktige utviklinga med tanke på arealutvikling og transportmønster i regionen. Det er utarbeida ein konseptanalyse som skal

peika ut retningen for planarbeidet, og det er skissert tre alternative houvudgrep; Vegbasert, by/tettstad og storby.

Bokn kommune ynskjer å ha ein sterk Haugalandsregion med Haugesund som regionsenter, men også å ha ei styrking av tettstadane i kommune i regionen. Bokn ynskjer å ta del i og utnytte det etableringspresset som ein meiner vil kome med gjennomføringa av Rogfast, samstundes som ein meiner at ei transportutvikling basert på bil må til for å sikra utviklinga av heile regionen. I høyringsuttalen la ein til grunn ei utvikling basert på utvikling av veg og transport og satsing på tettstadene.

Eg meiner dette er eit viktig utgangspunkt for bygda. Slik eg ser det, kan ein med ei slik retning på den regionale planen leggja til rette for eit godt og variert tilbod av handel, service, arbeidsplassar og offentlege funksjonar. Då vil ein auke attraktiviteten og busettjninga, og med det styrka Bokn som ein komplett kommune.

Styringsgruppa for regionalplan for areal og transport på Haugalandet skal ta stilling til hovudretninga i møte den 10. april.

Ordføraren

Ny seksjonssjef

Jardar Havikbotn

I midten av januar i år begynte Ingunn Toft som ny seksjonssjef for kultur, skule og barnehage i Bokn.

Den 36 år gamle haugesundaren er skilt, har to barn på 8 og 13 år og bur på Vormedal. Ho er utdanna sosionom frå Høgskulen i Stavanger, har tatt vidareutdanning i rus og barnevern, og har Master i Kommunalledelse. Etter utdanninga jobba ho først i Ølen kommune; eitt år som sosialkonsulent og tre år som sosial- og barnevernsleiar. Så gjekk turen til Sveio kommune, der ho har vore sosial- og barnevernsleiar i tre år, Nav-leiar i fire år og barnevernsleiar i tre år. I fjor haust var ho også kommunalsjef for Helse og omsorg i Sveio før ferda gjekk til Bokn.

- Med den nye utdanninga mi ønsker eg nye utfordringar og å jobba meir i kommuneadministrasjonen, er ein del av svaret ho gir meg når eg spør om kvifor ho søkte seg til Bokn.

I tillegg til at ho kjenner ein del folk som bur frå før, har Ingunn vore med i interkommunalt samarbeid og såleis kjenner litt til kommunen frå før. Dessutan synest ho det er spennande med kortare veg til beslutningane, slik det ofte er i mindre kommunar.

- Også er det jo lett å søka stilling på Bokn når me har fått Karmøy-tunellen, smiler ei som køyrer el.-bil.

Tverrfagleg og førebyggjande

Seksjonssjefen har to kjepphestar. Det er tverrfagleg og førebyggjande arbeid. Ho seier ho opplever at det er kompetanse og motivasjon i organisasjonen for å jobba slik, noko ho synest er spennande



Seksjonssjef kultur, skule og barnehage, Ingunn Toft.

Ingunn legg t.d. vekt på å jobba med kvalitet i tidleg barnealder slik at ein unngår seinare utfordringar. Ho ynskjer også å prioritera arbeidsmiljøet.

- Det er viktig å arbeida for at personalet skal trivast på jobb, seier sosionomen.

Kvalitet

Den største utfordringa med å vera seksjonssjef er, slik ho ser det, å skaffa mest muleg kvalitet innafør dei økonomiske rammene ho har. Det er også utfordrande å følgja med i tida, med rammer og planverk som me må ha. Utviklinga er slik at me må ha meir dokumentasjon og planverk. Det er ting som deltidsmora trivst å jobba med.

Med delt omsorg har Ingunn ein svært travel kvardag når ho har ungene. Då blir dagane som oftast organiserte etter deira treningstider. Då er det "taxi-sjåfør" og logistikk som gjeld.

- Ja, det blir mykje køyring til karate-treningar, korpsøvingar og på handball og fotball.

Ingunn er engasjert i sportsklubben Nord, der ho er lagleiar for fotballen og styremedlem i handballen.

Når ho ikkje har ungene går det i trening (spinning), jobb og venner.

Kontoret hennar er i skuleadministrasjonen, ved sida av skulekontoret.

Du når henne på tlf. 52 75 25 50 - 90 11 56 72. Epost-adressen er ingunn.toft@bokn.kommune.no

Storstilt Grunnlovsfeiring

Jardar Havikbotn

Kva gjer ordføraren og tidlegare ordførarar på ei rekke ved same bord?

På andre sida av bordet sit komitéen for 17. mai og Grunnlovsjubileet 2014. Komitéen ynskjer å bygga årets store jubileumsfeiring rundt lokale krefter og legg opp til ei markering som ein vil hugsa lenge.

Alt om 17. mai kjem i neste utgåve av Bokn Bygdablad.



Komitéen for 17. mai og Grunnlovsjubileet er glade for at desse seks profilerte personane vil vera med og gjera årets spesielle nasjonaldag til ei minnerik oppleving i Bokn.

Frå venstre, tidlegare ordførar Svein Ove Alvestad, tidlegare ordførar Sigvart Våga, tidlegare ordførar Arne Øvrebø, ordførar Kyrre Lindanger, tidlegare ordførar Sigrunn Hole Hosaas og tidlegare ordførar Leif Vatnaland.

Fire hjartestartarar

Jardar Havikbotn

Grieg Seafood Rogaland Avd.smolt har kjøpt inn hjartestartarar til alle avdelingane sine på Bokn.

Produksjonssjef Atle Jøsang fortel til Bokn Bygdablad at alle tilsette på dei ulike avdelingane (Trosnavåg, Hognaland, Laupland og Tallaksholmen), fekk kurs i februar om korleis dei skal bruka hjartestartarane.

Investeringa til Grieg Seafood kjem

ikkje lenge etter at Bokn mista første respondertenesta, og dette - i tillegg til at Grieg Seafood er ein stor bedrift på Bokn, er grunnen til innkjøpet.

- Det kan vera greit for boknarane å vita kor ein kan få tak i hjartestartar når minuttar er avgjerande, seier Atle Jøsang.

Det er nå sju hjartestartarar i kommunen, to på Boknatun, ein på Coop Marked Bokn og altså desse fire nye.



Bokn Bygdablad gratulerer Grieg Seafood på Bokn med eit godhjarta tiltak!

Flax-basiller i lufta

Jardar Havikbotn

27. februar blei det kjøpt eit Flax-lodd på Coop Marked Bokn, som inneheldt hovudgevinsten på 1 mill. kr.

Ei veke etterpå kan butikksjef Tor Harald Alvestad fortella at Flax-lodda går unna, særleg etter at det blei kjent på bygda at det hadde blitt vunne eit så stort beløp på butikken i Føresvik.

Ein boknar med "Flax-feber" blei til og med avbilda med vinnarplakaten frå Norsk Tipping, havna på Facebook og

lurte mange til å tru at vedkommande hadde vunne storgevinsten. Men det var det altså ikkje. Ei heller butikksjefen veit kven vinnaren er.

- Nei, kjøparar av Flax-lodd treng ikkje spelekort og blir ikkje registrerte. Det eg veit er at vinnarlottdet blei levert inn ein annan plass på Haugalandet, og vinnaren treng ikkje vera ein boknar, seier Tor Harald Alvestad, som er veldig glad for at nokon vann så mykje pengar hjå dei.

I løpet av dei åtte åra han har vore på

Coop Marked Bokn har han opplevd at folk har vunne fleire hundre tusen på fotballtipping, men ikkje så store beløp som dette.



Bokn IL Sykkelgruppe

Jardar Havikbotn

Siste nytt frå Bokn idrettslag er at dei nå offisielt har fått godkjent sykkelgruppe. Medlemmar som ynskjer det kan skaffa seg heilårslisens for ritt-deltaking og trenings-forsikring.

Styreleiar i Bokn IL, Trond Vatnaland, seier til Bokn Bygdablad at leiar og trenar for sykkelgruppa blir Kjell Olav Skjelde.

- Sykkelgruppa har som mål å få til eit aktivt miljø både for aktive og trimmarar, seier Trond Vatnaland, og legg til at det for tida blir jobba med å få designa eigne sykkelklede for Bokn IL Sykkelgruppe.

I slutten av mars blir det fellestreningar ute og til hausten blir det igjen spinning inne. Sykkelgruppa vil ellers vera aktive medarran-gørar i BoknOpp 26. april og Steinsvikrittet 16. august saman med Falkeid IL.



Kjell Olav Skjelde (tv.) blir leiar og trenar for Bokn IL Sykkelgruppe.

Stålinnsamling

Jardar Havikbotn

Bokn bondelag samlar inn stål ut denne månaden.

Det er plassert ut to containarar til formålet, ein ved Tåganes og ein ved Mæland Bygg/Bokn Bygg på Hognaland. Containarane blir tømde etter behov.

Bondelaget understreker at innsamlinga gjeld kun metall, ikkje restavfall og kvitevarer.



Kunstgrasbane

Men det er ikkje berre sykkel Idrettslaget driv med for tida. Eit spennande prosjekt er planar om ein 20 x 40 m kunstgrasbane, slik at fotballaga kan trenar ute heile året.

- Dette vil kreva mykje innsats og gode samarbeidspartnarar, men kan faktisk vera ein realitet innan forholdsvis kort tid, avsluttar Trond Vatnaland.



Forvaltningsstyremøte 12.02.2014, sak 02/14

Gnr. 11 bnr. 254 - Lars Magnus Alvestad - terrasse/ rømningsveg.

Forvaltningsstyret vedtok:

Etter at saka var drøfta gjorde forvaltningsstyret mot ei røyst frå AP vedtak som fylgjer:

1. Forvaltningsstyret legg til grunn at bygget vert nytta til fiskerirelatert næring slik det er godkjent og gir ramme-løyve etter § 20.1 i plan- og bygningslova for å føra opp til-bygg med kjøkken og byggja terrasse slik det er søkt om. Forvaltningsstyret ser ikkje at fråsegn frå Kystverket i brev dagsett 21.01.2011 og 07,01.2014 veg så tungt at dette er til hinder for godkjenning.
2. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, med unnatak av røyrløysingararbeid og ventilasjonsarbeid som blir plassert i tiltaksklasse 2.
3. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på vedtaket innan klagefristen, blir løyve til å setja i gong gjeve på delegert fullmakt. Før det kan bli gjeve løyve til å setja i gong røyrløysingararbeid og ventilasjonsarbeid må det liggja føre søknad om ansvarsrett for desse faga.
4. Det må søkjast ferdigattest seinast 4 veker etter at tiltaket er ferdig. I samband med dette må det sendast inn kvitert gjennomføringsplan.

Forvaltningsstyremøte 12.02.2014, sak 03/14

GBNR 15/5 - Søknad om konsesjon.

Forvaltningsstyret vedtok:

Forvaltningsstyret gjev Lars Sønneland konsesjon til kjøp av gbnr 15/5 i Bokn kommune, jf konsesjonslova §§ 1 og 9 og grunngeving i saksutgreiinga. Det er eit vilkår at eigedomen vert driven på ein landbruks-fagleg god måte. Leigeavtaler for jordbruksarealet skal ha ei avtaletid på 10 år, og kommunen skal ha kopi av avtalen.

Forvaltningsstyremøte 12.02.2014, sak 04/14

Meldingssaker.

Forvaltningsstyret vedtok:

Meldingsakene blir tatt til orientering.

Formannskapsmøte 25.02.2014, sak 08/14

Godkjenning av avtale mellom Bokn Båtforening og Bokn kommune.

Formannskapet vedtok:

Bokn formannskap godkjenner mot 2 røyster frå SP, avtale datert 3.02.2014 mellom Bokn kommune og Bokn Båtforening om leige av moloanlegg i Hålandssjøen, med tillegg av at rådmannen må sjå til at godkjenning av anlegget blir gjort etter gjeldande lovverk.

Formannskapsmøte 25.02.2014, sak 09/14

Budsjettjustering - 2014 Seksjon kultur, skule og barnehage

Formannskapet vedtok:

Rådmannen sitt framlegg. Saka er unnateke offentlegheita.

Formannskapsmøte 25.02.2014, sak 10/14

Regionalplan for areal og transport på Haugaland – konseptanalyse

Formannskapet vedtok:

Rådmann og ordførar får fullmakt til å lage til ein uttale basert på drøftingar i Formannskapet.

Formannskapsmøte 25.02.2014, sak 16/14

Søknad om midler frå Utviklingsprogrammet for byregioner - Haugalandsregionen.

Formannskapet vedtok:

Formannskapet vedtok at saka vart utsett pga manglande informasjon.



Lesetips for barn og ungdom:

Fotballrekorder

Hallberg, Linn:
Hopp høyt, Sigge!

Klepp, Anneli:
Verdens beste Tor

Knutsen, Lise:
Uten dekning

Walliams, David:
Gangster-bestemor



Gratulerer!



Marius Sæbø - 2 år, 27. januar.

Gratulera med 2 års dagen den 27. januar, godguten våras 😊 Kjempeglad i deg!

Klem mamma, pappa, Sander og Ole Christian 😊



Ole Christian Hervik Aksdal - 7 år, 1. mars.

Gratulera så masse med 7års dagen lørdag 1. mars, Ole Christian:) Me e kjempeglad i deg 😊

Klem mamma, Tor Inge, Sander og Marius 😊



Elisabeth Skogland - 40 år, 1. mars.

Vil gratulere Elisabeth Skogland med 40 årsdagen 1. mars.

Hilsen Silje og Malin.



Frida Vatnaland Eide - 4 år, 4. mars.

Me vil gratulera Frida med 4-års dagen 4 mars.

Klem frå morfar, mormor og onkel Kjetil. 😊



William Kro - 5 år, 19. mars.

Gratulera så mye med 5 års dagen din, go'guten våres. Me er veldig glad i deg 😊

Kos og klem fra mamma og pappa 😊

post@bygdabladet.no

MMS: 98 22 15 08



MUSEUMSTAFETTEN 2014

Oppdag kunst og kulturhistorie på Haugalandet

Haugalandmuseene inviterer til kultur-opplevelser med omvisning, kåseri og kaffe.

Program våren 2014:

Torsdag 27.mars: Nedstrand bygdemuseum, Stranda skule
"Vestnorsk grindbyggteknikk i historisk perspektiv"
Konservator Grethe Paulsen Vie

Torsdag 24.april: Arquebus krigshistorisk museum
"Historien om Haugalandet - 1940-tallet"
Forfatter/journalist Tor Inge Vormedal

Program høsten 2014:

Torsdag 28.august: Karmsund folkemuseum
Kulturhistorisk vandring fra Haraldshaugen til Karmsund folkemuseum.
Utstillingen: *Haraldsstøtta, for Haugesund, for Norge, for alle?*

Torsdag 25.september: Vindafjordmuseet, Gamle Ermland skule, Skjold
"Leseboka - betydning for nasjonal identitet; Nordahl Rolfsens lesebøker"
Forteljinger, opplesing og song frå lesebøkene
v/Tove Selås og Monica N. Haugan

Torsdag 30.oktober: Nordvegen historiesenter
Stadig noe nytt fra Avaldsnes - kom og hør!

Torsdag 27.november: Vår Frelsers kirke, Haugesund
Orgelbrus og klokkespill i en nyrestaurert kirke
Kantor Goos ten Napel spiller og forteller

Tidspunkt kl 19-21, inngang kr 50,-.

Delta på minst fire etapper og bli med på trekning av fine premier på stafettens siste stopp!

www.haugalandmuseene.no
Pb 246, 5501 Haugesund. Tlf 52709360



Jentefotball er gøy!

Kunne du tenke deg å begynne og spille jentefotball? Bokn idrettslag vil også ha jentene på banen, og ønsker seg flere jenter med på laget!

Så er du ei jente med godt humør, som har lyst til å lære og spille fotball så kom og bli med!

Det blir trening for jenter fra 9-11 år, onsdager fra kl. 18-19 med Ann Elisabeth Jøsang.

Mye lek og moro i lag med gode venner!



Oppstart tabata

Enkel, effektiv, variert og funksjonell intervalltrening for styrke, spenst og kondisjon.

Mandag 7. april kl. 20.00 på idrettshuset

Her trener man hele kroppen samtidig, både små og store

muskelgrupper. Man bruker egen kropp som belastning, i tillegg til f. eks vekter. Timen passer for alle menn og kvinner, og spesielt for deg som vil ha størst mulig treningsutbytte på kortest mulig tid.

Ved å trene intervall får du god effekt både kondisjon- og helsemessig.

Vel møtt!

Meir frå Bokn IL på s. 14 (red.anm.)

Bokn Bygdablad for 20 år sidan FRÅ NR. 2 1994

KOMMUNALT VATN TIL ARE KOSTAR 3,7 MILL.

Odd Grønnestad fekk anbud på leggjing av vassleidning

Bokn formannskap har vedtatt at Odd Grønnestad får anbudet på leggjing av vassleidning for framføring av kommunal vassforsyning til Are. Det var 8 som hadde gitt inn anbud, og av desse hadde Odd Grønnestad det lågaste på kr. 970.000 for graving/skyting av grøft og leggjing av røyr fram til Are. Kostnadene til røyr er ikkje med i dette beløpet.

Framføringa av vatn til Are vil medføra at husstandar som ligg i området ved traseen vil kunna kopla seg på det kommunale leidningsnett etter ein eigen økonomisk avtale med kommunen. Dei skal betala kr. 30.000,- som inngangsbillett, men vil få refundert dette beløpet minus tilknytingsavgifta i ein 15 års periode.

Totale kostnader for prosjektet er 3,7 mill. kroner. Bokn kommune skyt inn 1,6 millionar, Vegvesenet 800.000 og resten er statstilskot. Arbeidet skal vera slutført til 1. mai 1994.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Andel av Havnavegen 43 (Gnr 11, bnr 169) i Bokn kommune er overdradd fra Olav Herabakke til Ada Herabakke

(30.01.2014)

Overdragelsen omfatter også andel av Storgata 23 (Gnr 111, bnr 359, seksjon 43) i Sandnes kommune

Gnr 9, bnr 14, seksjon 2 er solgt for kr 800.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Johannes Nilssen og Julianne Våga Nilssen

(21.02.2014)

Kjelde: Statens kartverk



Minneord

Martha Tobie Våge, født 24. juli 1923 døde 29. januar 2014.

Hun var født og oppvokst på Brekke, Sagbakken i Tysvær, med foreldrene Therese og Sven Brekke og søsknene Olav, Kristine (Kitty), Nils, Bertha og Solveig. Martha Tobie var nest eldst i flokken.

Hun kom til Bokn som 18-åring, som tjenestepike hos sin tante og onkel i Våga. Der møtte hun Olaf Våge, som hun giftet seg med. De to fikk en tomt i Våga av en gårdbruker som var alene. Martha Tobie og Olaf forpaktet gården hans og hun hadde tilsyn med mannen da han ble eldre og syk.

Martha Tobie var husmor og gårdbruker. Hun hadde ansvaret for gården da Olaf var på fiske, og etter at han ble syk. Å bake lefser og potetkaker var blant hobbyene. Hun likte også godt strikking og en bytur av og til.

Hun hadde glimt i øyet og var positiv. Martha Tobie var veldig arbeidsom. Hun gav aldri opp i travle og strevsomme dager. Omsorgen var stor for sine barn og barnebarn. Hun var en fantastisk mamma, mormor, farmor og oldemor.

Martha Tobie etterlater seg barna Tor, Synnøve, Terje, Åse og Venke - barnebarna Tove, Olaf M., Elisabeth, Beathe, Elin og Vegard - og oldebarna Tore, Kine og Isak.



Eg seie meg så

Birger Lindanger

Det er ikkje alle uttrykka som er like kjende. Eit som ein sleit noko med, var *krabbaskjøl*. Det heiter offisielt albueskjell og blei mykje nytta av smågutane til agn. Men heller ikkje *krosstrodl*, eit slag vevkjerring var heilt kjent. Det blei stundom forveksla med *krosskonta* som var den gamle nemninga for *sjøstjerne*. Dei andre uttrykka ser ut til å ha vore vel kjende. Men det var likevel ganske tett mellom dei to som hadde levert svar – med Andor ein hårsbreidd framom.

Forklaringane:

- | | |
|----------------|---|
| 1. mattlauv | sjøgras, taresort |
| 2. segablom | Også kalla bekkablom, gul blom som veks på fuktige stader |
| 3. krosstrodl | ei vevkjerring |
| 4. krabbaskjøl | albueskjell |
| 5. bossa | grastorv |
| 6. anføttes | med føtene mot kvarandre |
| 7. hittom | bakom, bortom |
| 8. rumpeile | enden på garnet, nota |
| 9. rundeling | ytre delen på båten, gjesinga |
| 10. kregdå | meslingar |

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. skrabbalyng
2. klessa
3. drågslede
4. ute og flåda
5. holda sorren
6. naglabed
7. smaladreba
8. å bassa av
9. å krakka
10. ein fjug

Forslag til forklaringar kan leverast Bogn Bygdablad **innan 14. april**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Resultat:

Andor Borgenvik	9 poeng
Dagsenterdamene	8 poeng

Ein stor takk også denne gongen til Helge Laupland og Leif Vatnaland for gode bidrag. Men kvar blir det av dykk jenter. Ta kontakt med uttrykk som slår mannfolka til bakken!



Plateslepp/minnekonserter

Jardar Havikbotn



Laurdag 5. april kl. 20.00 er det klart for konsert i gymsalen med The Kvednabekkers.

Datoen er ikkje tilfeldig valt. 9. april ville bandet sin avdøde sologitarist, Tommy Øvrebø, fylt 24 år. Det blei tidlegare signalisert at bandet ville heidra Tommy med å spela låtar han sette pris på, og publikum vil m.a. få høyra musikk av Dire Straits, Mods og Pink Floyd.

Konserten er også eit forseinka plateslepp, sidan CD'en *Bekkjens sildring* kom ut 18. desember i fjor. Alle låtane på plata står på konsertrepertoaret, og me er glade for å ha med oss den profilerte gitaristen Jostein Marø, slik at me kunne få til dette. Me er også takknemlege for å ha lokale Venevil Birkelund med på laget, og ikkje minst Øyvind Børgesen på trommer. Kvifor me har med ekstern trommeslagar i staden for vår eigen må du koma på konserten for å sjå og høyra.

CD'en *Bekkjens sildring* får du sjølv-sagt kjøpt på konserten, for dei som ikkje allereie har skaffa seg han. I samband med platesleppet blir alle låtane også klare digitalt. Salet står 9. kl. for. Dei vil også ha kiosk i gymsalen denne kvelden.

Det har vore stor interesse for konserten, og billetter er utlagde på Coop Marked Bogn. Det kostar 150 for vaksne og berre 50 for barn (18 år). Ev. uselde billetter kan ein kjøpa ved inngangen. Dørene opnar kl. 19.30. I skrivande stund er det uklart kor mange billetter det blir lagt ut, og det vil lønna seg å vera tidleg ute viss ein vil sikra seg billetter.

Bandet, som kanskje opptre for siste gong, sparer ikkje på noko i heidringa av Tommy, og lys- og lydanlegg m/ miksarar vil vera i toppklasse. **Me gæranterer at du ikkje blir skuffa. Kom og bli med oss - velkommen!**



Me er glade over å ha Jostein Marø (øvst), Øyvind Børgesen og Venevil Birkelund med på laget.

Valentinsdag, air-hockey og nye møblar!

Irmelin Taraldlien

Me er i starten av eit nytt år, mykje skjer rundt omkring, dette gjeld også oppe på Petra fritidsklubb!

Datoen er 14. februar, valentinsdagen. Derfor syntest eg og ungdommane i Petra-styret at me skulle pynte og gjere det ekstra koseleg, og me pynta med raude og kvite ballongar, raudt band og hjerter.

Men denne kvelden var ikkje berre spesiell berre på grunn av det, fordi no har me endeleg fått opp den splitter nye Air Hockey'en vår til å spela med! Denne innvia me med ei turnering med ein premie bestående av eit gavekort på 100 kr. på platekompaniet og ein sjokolade-pokal til vinnaren:) Nesten alle ungdommane ville vere med på turneringa, og til slutt fekk me ein vinnar. Gratulera, Erik Nilssen!

I tillegg har me kjøpt nye stolar, nye knaggar til gongen, knottar til kjøkken-skapa og nye gardiner til "Petra-stovå" og det nye Air Hockey-rommet vårt.

Me har også fått nye sofaer og ein godstol til å sitje i!

Tusen takk til Janne Elisabeth Ytreland og Cecilie Odland for sofaene og godstolen:)



Air Hockey-turnering med mange ungdommar rundt.



**Venstre:
Valentinsdag-snop**

**Høgre:
Erik Nilssen vann
turneringa;)**



Eit godhjarta medmenneske

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ragnhild Laupland

På årsmøtet til Bokn pensjonistforening takka Kari Våge for seg etter å ha vore leiar i 12 år.

Ho er ei kjent eldsjel i Bokn gjennom mange år. Saman med Else Nilssen dreiv ho i 10 år Besøkstenesten i regi av Bokn Røde Kors. Då denne blei nedlagt gjekk dei inn i Bokn pensjonistforening, og i fem år vaska Kari og Else opp for dei.

- Det var forferdeleg at dei måtte ta med eigen kopp på møtene, humrar ho.

Mykje energi

Seinare blei det leiarverv i "Pensjonisten", som foreninga kallast i bygda. Neste år er det 35 år sidan stiftinga av foreninga.

Kari har ikkje problem med ordstraumen, men ho blir ordknapp når det gjeld sjølvskryt, eller viss eg vil ha ho til å nemna noko som ev. har vore negativt frå det frivillige arbeidet sitt i Bokn. Med mykje energi fokuserer eldsjela på det positive og det som er muleg å gjera noko med.

Ho er i alle fall einig med meg om at ho har eit "indre kall" når det gjeld å vera medmenneske.

Kvifor er det viktig å ha ei forening for pensjonistane i Bokn?

- Det viktigaste at me har noko som alle kan vera med på. Me er 45 medlemmer nå, seier Kari, som har flytta til høgblokkene i Haugesund, men bur også litt i Kro. Ho har også vore med i Haugesund Røde Kors i ei årreke. Der har det blitt mange besøk på sjukehus og eldre-sentre opp gjennom åra. Ho nemner ordningar som "Pasientvenn" og "Torsdagstreffet". Sistnemnde er eit arrangement som Haugesund Røde



Styremedlem Ingunn Are (tv.) takkar Kari Våge for det ho har gjort for Bokn Pensjonistforening.

Kors har for heimlause og einslege på Skjærtorsdag kvart år.

Me ynskjer eldsjela lukke til med vidare arbeid i hennar generøse verd.

KULTURKALENDEREN

Endringar/nye arr. er **markerte**

Mars

30. Gudsteneste kl. 11.00. Løftefornying, speidarar. Dåps-skule, årsmøte kyrkjelyden - **sjå under**

April

01. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.30
04. Kino i Auditoriet
05. Konsert med "The Kvednabekkjers" - sjå s. 8
06. Bedehuset: ABR-senteret kl. 19.00
07. Bedehuset: Bibellesing kl. 19.00
09. Bedehuset: Kontaktmøte kl. 19.00
13. Gudsteneste kl. 11.00
13. Bokn musikkorps: Bingo kl. 19.00
Veke 16 Påskeferie, Bokn skule
14. Påskeinspirasjonskveld kl. 19.30 på Allrommet, Boknatun, arr. Bokn Hagelag - sjå s. 17
17. Bedehuset: Påskemåltid
18. Gudsteneste kl. 11.00
20. Gudsteneste kl. 15.00
24. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
24. Sjømannsforeningen sin basar på Bokn skule er utsett til hausten.
25. Kino i Auditoriet
26. BoknOpp 2014 kl. 13.00
27. Gudsteneste kl. 18.00 - samtalegudsteneste

Mai

04. Gudsteneste kl. 11.00 - konfirmasjon

05. Bedehuset: Bibellesing kl. 19.00
09. Kino i Auditoriet
11. Bedehuset: Gideon kl. 19.00
14. Diakonidag for 3. kl. på Boknatun
17. Gudsteneste kl. 10.30
23.-24. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Overnatting i Oppdagarskogen
23.-25. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Tur til Vågholmen for Vandrane
24.-25. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Blikshavn-leir for Stifinnarane
25. Gudsteneste i Loten kl. 11.00, felles for Bokn og Tysvær
27. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.30
29. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
30. Kino i Auditoriet

Juni

01. Bedehuset: NLM kl. 19.00
03. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Felles avslutning for speidarane
04. Bokn sanitetsforening: Basar på skulen kl. 19.00
08. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00, felles for Bokn og Tysvær
09. Bedehuset: Normisjon kl. 19.00
22. Gudsteneste kl. 11.00

Juli

13. Gudsteneste kl. 13.00

Årsmøte for Bokn Sokn

Søndag 30. mars etter gudstenesta.

Saker:

1. Årsmelding og rekneskap.
2. Universell utforming
Ein tenkjer å fjerne nokre kyrkjebenker for å gje plass til rullestol m.m. Dette inneber også ein del andre endringar.
Teikningar og forklaringar vert lagt fram på møtet.
3. Andre saker som soknerådet arbeider med:
Projektor, fast montert
Lys på kyrkja (dei gamle er utgått)
«Mi kyrkje» - ei bok til småbarn om kyrkja på Bokn.
4. Eventuelt

Vel møtt

Sigrunn Hole Hosaas
Leiar i soknerådet.



Årsmøte i Bokn kyrkje

Bokn sokn har årsmøte 30. mars etter gudstenesta. I tillegg til vanlege årsmeldingssaker som årsmelding og rekneskap, vil det bli lagt fram skisser for endringar i kyrkja. **(Sjå neste side - red.anm.)**

Det er kome krav om at alle offentlege bygg skal ha «Universell utforming». For Bokn kyrkje inneber det at kyrkja må leggje til rette for folk som av ulike grunnar treng rullestol.

I over eit år har ein arbeida med tankar om dette. Kyrkjebyggkonsulent Ove Morten Berge har vore engasjert og ein er no kome fram til forslag som ein vil leggje fram for årsmøtet. Det er lagt ved ei skisse som Eivind Øvrebø og Reidar Alvestad har arbeida fram. Kyrkjebyggkonsulenten har sine tankar om tilpassing.

Skissa går ut på å ta bort 2 -3 benker på begge sider av midtgangen, om lag midt i kyrkja (under galleriet som stikk fram på begge sider av kyrkja).

Kyrkjebyggkonsulenten har vore i kontakt med riksantikvaren og føreslår at ein hever golvet i midtgangen opp til nivå med den terskelen som er inn til kyrkjebenkene. Sameleis er forslag om

at det området som ein tek bort kyrkjebenker vert heva tilsvarande på begge sider av gangen. På desse områda vil det då vere høve til å setje stolar og altså rullestol, barnevogn eller andre innretningar som krev plass.

Det er også kome skisser for korleis ein eventuelt kan leggje til rette for at rullestol kan kome fram til alterringen. Dette vil verte lagt fram på møtet.


I tillegg til desse planane, vil det verte orientert om andre planar som soknerådet arbeider med; planar for å montere projektor i kyrkja, skifte lyskastarar for å lyse opp kyrkja m.m.

Frå årsmeldinga kan me nemne at det i 2013 var skifte av kyrkjevevje, det har vore fleire familiegudstenester og god aktivitet i kyrkjenær som vert drive av kyrkjelydspedagog Greta S. Elverhaug. Diverre måtte Barnekoret leggje ned, men speiararbeidet er om lag som tidlegare år. Gjennomsnittleg oppmøte til gudsteneste har auka frå 57 i 2012 til 72 i 2013.

Jan Magne Moi, kyrkjevevje

Universell utforming

KOR



LIK ANDRE
→ SIDE

3 DØRER FJERNES
PÅ KVAR SIDE
+ TERSKEL
BØLV TILPASSES.

1. ALT.
MED
STOLAR

2. ACT.
MED
BENKER

RULLER
STOL

PRAKKE
STOL

← 320 CM →

BENK, SØYLE 1.

← 190 →

BENK

BENK

BENK

SØYLE 1.

6 STK
BENKE RADER

(TOTALT 15 STK)

← 480

← 220 →

RØD STREK
MARKERER
GALLERI

LIK →
ANDRE
SIDE

← 282



God byggeaktivitet

Jardar Havikbotn

På bustadfeltet vest for Boknatun veks det fram åtte nye bueingingar, fordelt på ein firemannsbustad og to tomannsbustader.

Feltet har også ein firemannsbustad og to tomannsbustader frå før i tillegg til vanlege hus, noko som betyr at mange bur på eit begrensa område. Og i framtida vil området veksa mot både sør-vest, vest og nordvest, skal ein tru ordførar Kyrre Lindanger.

- I kommuneplanen er det gitt aksept for tre nye bustadfelt knytta til dette feltet. Det er i tillegg planlagt eit bustadfelt i Leirgrov-nord her i Føresvik, seier ordføraren.

Prioritetsvurdering

Andre framtidige bustadfelt i kommuneplanen er ved "Plattingen" aust for Boknabergsvatnet, Øyren-sør, i Krovågen og i Våga. Kyrre Lindanger opplyser at ein framover vil vurdera i kva rekkefølge dei ulike bustadfeltene skal byggast ut.

I tillegg til byggeaktiviteten på Boknatun-vest seier Tormod Våga i Nibe at dei planlegger tre bueingingar i Havnavegen. Jan Magne Mæland i Mæland Bygg melder om rehabiliteringsarbeid i Alvestadkroken og Føresvik, i tillegg til nybygget heilt til høgre på bildet.

Når er det ikkje fleire tomter att i Boknatun-vest, dvs. det er ei tomt på kvar side av firemannsbustaden midt på bil-

det, og to tomter heilt nord i feltet. Kommunen vil bruka ei av tomtene til leikeplass. Ordføraren fortel at ein held på å laga ein bustadpolitisk handlingsplan, og tomtene i nord blir sannsynleg knytta opp mot omsorgsbustadene og sjukestova på Boknatun.

- Det blir kanskje naturleg å tenka nye omsorgsbustader her på sikt.

Kyrre Lindanger fortel også at Paulsen Bygg og Vedlikehold AS, som har sett opp den eksisterande firemannsbustaden, truleg vil setta opp ein tomannsbustad i same stil som huset på nordsida - dersom dei bestemmer seg for å bygga på tomta.

Fyren bustadområde

Det etterlengta feltet på Fyren, som blei for-seinka pga. kulturminnefunn, blir i følge kommuneingeniør Kjell Arne Valentinsen ved seksjon teknisk sendt ut på anbud om to månader. Etter sommarferien vil ein merka aktivitet på området, og tomtene blir lagt ut for sal sannsynlegvis til hausten.

Prisane er ikkje klare enno. Det som derimot er klart er at det blir åtte einbustader på feltet, leikeplass og eit område til to større hus; ein tomannsbustad og ein firemannsbustad.



altibox

Det er vi som har
ekte fiber
helt hjem til deg



Bestill på haugnett.no





Bokn idrettslag informerer



Medlemskontingenten 2014

Alle som er med på organiserte aktiviteter i Bokn IL som fotball, volleyball, spinning, trial, allidrett, yoga e.l. må betale aktiv medlemsavgift.

En kan også være medlem uten å delta på organisert trening for å støtte Bokn IL som et positivt innslag i nærmiljøet.

Aktiv familie med barn under 18 år	600,-
Aktiv medlem over 18 år	400,-
Aktiv medlem under 18 år	300,-
Medlem	100,-

Kontingent for bruk av treningslokalet i klubbhuset 2014

Medlem	1200,-
Ikke-medlem	1400,-

Familiemedlem	2400,-
Familie ikke-medlem	2800,-

Treningslokalet skal være åpent mellom 0600 og 2300. Vi oppfordrer alle brukere til å sørge for at lokalet er ryddig og rent.

Kontingenter betales inn på kontonummer: 3520 67 20369
NB! Ved betaling ber vi dere oppgi følgende: Navn, fødselsår og aktivitet.

- styret -

Meir frå Bokn IL på s. 4 og 6 (red.anm.)

Bokn historielag

- frå årsmøtet 6. mars på Boknatun -

Bokn Historielags årsmøte ble avholdt 6.3. 2014 på Boknatun.

Reidar Alvestad ønsket 20 fremmøtte velkommen, og ga ordet til kveldens foredragsholder – Tor Kyvik, som tok for seg temaet SILDEFISKET PÅ HAUGALANDET.



Tor Kyvik ga oss et historisk tilbakeblikk fra sildefisket på 1840-tallet (**bildet**) og utviklingen frem til dagens sildefiske. Han var blant annet opptatt av å formidle kulturen, slitet som sildefisket medførte, men også den store verdiskapningen fiskenæringen innebar.

Kyvik ble takket for et interessant foredrag, og fikk blomst. Deretter var det kaffe med noge attåt.

Årsmøtet 2014

1) Reidar Alvestad ble valgt til møteleder. Olav G. Larsen ble valgt til referent.

2) **Årsmeldingen** ble gjennomgått og godkjent, med rettelse av navnet Skarstein til Skarsten.

3) Kasserer Eivind Øvrebø presenterte **regnskapet**, som ble godkjent.

4) Reidar Alvestad presenterte

budsjett for 2014 og fortalte om planlagte aktiviteter. Budsjettet ble godkjent.

Etter valget har styret følgende sammensetning:

Leder	Reidar Alvestad, valgt 2013 for 2 år
Nestleder	Harry Vågshaug, valgt 2014 for 2 år
Kasserer	Leif Våga, valgt 2014 for 2 år
Sekretær	Olav G. Larsen, valgt 2014 for 1 år
Styremedlem	Leif Vatnaland, valgt 2013 for 2 år
Styremedlem	Arne Øvrebø, valgt 2013 for 2 år
Varamedlem	Sigvart Våga, valgt 2014 for 1 år
Varamedlem	Eivind Øvrebø, valgt 2014 for 1 år

Olav G. Larsen (referent)

BoknOpp 2014

Jardar Havikbotn

26. april blir BoknOpp arrangert for tredje gong. Leiar i Bokn IL, Trond Vatnaland, ønsker breiare deltaking og vil ha akkurat deg med i år.

Han meiner at mange trimmarar tar det for seriøst og ikkje stiller, for dei trur dei ikkje er gode nok og ikkje har "dyrt nok" utstyr. Sykkelrittet er ein kamp mot deg sjølv, og det einaste kravet er at du skal ha med deg ein sykkel opp til toppen av Boknafjellet. Det er ingen makstid.



Trond Vatnaland, som her går i mål i BoknOpp 2012, håpar på brei deltaking i år.

Show

Trond Vatnaland er open for kreative påfunn og idéar, og håpar at rittet får ein ekstra dimensjon i slutten av april.

- Kanskje nokre utkleddde lokale friskusar på "rare" sykklar kan laga litt show, avsluttar han.





BOKN OPP

Ei heftig oppleving

frå kaien i Føresvik og opp
til toppen på Boknafjellet 294 moh.

26. April. 2014 kl. 13.00

Påmeldingen er åpnet.

For påmelding og informasjon sjå nettsiden....

www.boknopp.no

Ein kamp mot deg sjølv!



Arr: Bokn Idrettslag - Falkeid Idrettslag

Innskriving av elevar

til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2014/2015

Velkomen til innskriving for 1. kl. 2014/2015 på Bokn skule fredag 25. april kl. 09.00.

Alle barn i Bokn som er fødte i 2008 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2014. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2014.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

**Med helsing
Jarle Nilsen
rektor**

Hjarteleg takk

for all medkjensle og merksemd i samband med vår kjære Erna Aksdal sin bortgang.

Ein spesiell takk til Bokn sjukestove for god pleie og omsorg.

Familien

KONFIRMANT 1964

Var du konfirmant 1964 vil jeg gjerne ha kontakt med deg.

bokneberg@kleppnett.no eller tlf 91555135

Vi skal ha en felles samling med konfirmantene fra 1963.

Med vennlig hilsen Oddbjørg Bokneberg Øye



KONFIRMANTAR 1964. Framme frå venstre: Alice Ørke (Ur), prest Steinar Kjøllesdal og Margunn Kro (Håland).

2. rekke fv. Arnfinn Øvrebø, Solrunn Våga Dahle, Gudny Svendsen (Sæbø), Edith Grønnestad, Marianne Jøsang (Øvrebø) og Harry Hognaland.

3. rekke fv. Gunnar Grønnestad, Rigmor Våge, Solveig Aksdal (Kro), Eli Søndeland (død), Bjørg Øvrebø og Inger Sønnøve Berge (Bokneberg).

4. rekke fv. Ståle Alvestad (død), Ole Øvrebø, Reidar Borgenvik, Bernt Alvestad, Tor Atle Hagenes, Leif Alvestad (død), Erling Sæbø, Steinar Helgeland (død) og Sigmund Kro.

Takk til Marianne Øvrebø for hjelp med bilde og namn
- redaktøren -

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanel.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
 Epost: kjellfrode75@hotmail.com

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
909 24 964
Kjell Frode Lie
907 83 797

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
 Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

VELKOMMEN

PÅSKEINSPIRASJON'S KVELD

V/OASEN BLOMSTER.

MANDAG 14.APRIL.

KLOKKA 19.30.

PÅ ALLROMMET.

DET BLIR SERVERT MAT OG KAFFI.

LODDALG.

HAGELAGET.



Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram

PLAN OG BYGGESAKSKONSULENT

Firmaet har allsidig kompetanse fra offentlig virksomhet og god kjennskap til planprosesser mot offentlig forvaltning.

Vi kan være behjelpelig med :

- Utarbeiding av reguleringsplaner m/tilhørende prosesser
- ROS-analyser og konsekvensutredninger
- Delingssøknader.
- Søknad om planendringer og dispensasjoner.
- Klage
- Ansvarlig søker funksjonen i tiltalksklasse 1
- Kontakt mot offentlig forvaltning i alle typer plansaker.

Plan og byggesakskonsulent

Fyrvegen 17,561 Bokn
 V/daglig leder Hans Faye
 Tlf 98221505
hfaye@online.no

Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

17.06	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
07.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
16.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn formannskap

06.05	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.06	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
09.09		
19. og 20.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
02.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn forvaltningsstyre

09.04	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
04.06	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
27.08	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
22.10	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn kontrollutval

22.05	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
04.09	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
13.11	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn sokneråd

01.04	kl. 19.30	(Bokn bedehus)
27.05	kl. 19.30	(Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen. Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Service-torget og Bokn bibliotek. Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

Avlasting

Bokn kommune søker familie som kan være avlastingshjem for et barn. Oppdraget har et omfang på 1 dag eller et døgn hver fjerde uke.

Interesserte kan henvende seg til kommunen på tlf 52752500, spør etter Anne Berit Gilje for en uforpliktende samtale eller send e-post til AnneBerit.Gilje@bokn.kommune.no

Ferievikarar

Seksjon Helse, sosial og barnevern treng ferievikarar i tidsrommet 26. juni til 17. august, innan:

Pleie og omsorg
Bu og aktivitet (funksjonshemmande)
Kjøkken
Reinhald

Ein søker etter:

- Sjukepleiarar
- Helsefagarbeidarar
- Kokk/kjøkkenassistentar
- Reinhaldsassistentar
- Miljøarbeidarar
- Assistentar

Oppgi i søknaden kor du ynskjer å arbeide, tidsrom og stillingsprosent. Personar utan fagutdanning kan også bli vurderte og vi oppfordrar spesielt studentar/elevlar som tar helsefagleg utdanning til å søke.

Opplysningar om arbeidsforhold og liknande kan ein få ved å venda seg til **Grethe Heimvik, 928 27 295** eller **Sonja Mikkelsen, 930 93 998**

Seksjon teknisk treng ferievikarar i tidsrommet 23. juni til 15. august innan:

- Parkmessig og bygningsmessig vedlikehald. Søkerar må vere fylt 18 år.

Spørsmål kan rettast til teknisk v/Kjell Arne Valentinsen på tlf.: 922 42 275 / 52752505

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune, Boknatunvegen 13, 5561 Bokn innan 11. april 2014.

Merk søknaden med seksjon Helse, sosial og barnevern eller seksjon teknisk, alt etter kva vikariat ein søker på.

Lesetips for vaksne:

Kvinnelige tidsvitner:
Fortellinger fra Holocaust

Persson, G.W:
Den sanne historien om Pinocchios nese

Riley, Lucinda:
Midnattsrosen

Sigurdardottir, Yrsa:
De uønskede

Sæter, Lars Ove:
Hanegal

Theorin, Johan:
Gravrøys





Reduserte priser på farge/striper og herreklipp - prøveshampo følger med behandlingen.

Massasje for de som ønsker - velkommen!

Hilsen Mona



Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO YOU.

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO YOU.

DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad

Kontaktliste, lag og organisasjonar

Dersom nokon oppdagar feil/kan supplera på lista, vennligst ta kontakt med jardar.havikbotn@bokn.kommune.no - tlf. 52 75 25 08 - 98 22

<u>Lag/organisasjon:</u>	<u>Leiar:</u>	<u>E-post:</u>	<u>Tlf:</u>
Bokn Røde Kors, korpsleiar	Susanne Grønnestad	spgroennestad@aim.com	90529693
Bokn Røde Kors, operativ leiar	Kjetil Vatnaland	kjetil.vatnaland@gmail.com	93044424
Bokn Røde Kors, adm. leiar	Lars Øyvind Alvestad	la-oal@online.no	94261301
Bokn Båttforening	Kaj Arne Christensen	kajch89@hotmail.com	90960035
Bokn bedehus	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn Kristelegje Folkeparti	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Austre Bokn Bygdalag			
Bokn Mållag	Venevil Birkelund	kongtskjegg@hotmail.com	98439214
Bokn Arbeidarparti	Kyrre Lindanger	kyrre_lindanger@hotmail.com	91671726
Bokn bondelag	Torstein Alvestad	torstein@kleivaa.no	97155627
Tysvær og Bokn bonde og småbrukarlag	Stig Helgesen		48156697
Bokn Computer Gathering	Vegar Våge	vegar@vpcs.no	48035182
Bokn danse og ungdomslag	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Næringsforum	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Hagelag	Silje Aksdal	geiaks@online.no	91532843
Bokn Historielag	Reidar Alvestad	reidalv@online.no	45691081
Bokn Høyre	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn KFUK-KFUM speidarar	Svein Ove Alvestad	soalves@online.no	91354082
Bokn Idrettslag	Trond Vatnaland	trovat@statoil.com	90694350
Bokn MC	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn musikkorps	Odd Grønnestad		90071868
Bokn Pensjonistforening	Gunnvor Eiksund	jeiks@online.no	97545063
Bokn ride og køyreklubb	Emilie Moi Eikje	emilie.eikje@gmail.com	93216339
Bokn Sanitetsforening	Reidun Grønnestad		97544010
Bokn Sau og Geit	Geir Aksdal	geiaks@online.no	90954910
Bokn Senterparti	Rune Vatnaland	ruvatn@online.no	91158547
Bokn skyttarlag	Edgar Våge	edgarvaage62@gmail.com	45030004
Bokn vevstove	Wenche Jøsang	ar-joes@online.no	98078351
Det norske misjonsselskap	Edvin Øvrebø		48356520
Sjømannskirken Norsk kyrkje i utlandet	Elly Borgenvik		90647166
Havnavegen velforening			
Føresvik velforening	Hanne Marte Vatnaland	hmvatnaland@gmail.com	93220033
Petra Fritidklubb	Irmelin Taraldlien	irmelintar@gmail.com	93483032
Pluggen Motorklubb	Artur Trosnavåg	r_trosnavaag@hotmail.com	91198937
Den indre Sjømannsmisjon	Svanhild Alvestad	svanhild@kleivaa.no	93415440
Seniordansen, Bokn	Anne Lise Hoffmann	svanos2@online.no	90785943
Bokn Gatebilklubb	Odd Kenneth Tollaksen	odd.kenneth.tollaksen@gmail.com	93087679
HLF Tysvær og Bokn	Anne Grete Stake		
LHL Tysvær og Bokn lokallag	Tove Karin Høgemark		